

Stappfull kyrkje på flott julekonsert.

11.12.2016



Leif Inge Heimvik var ein av dei flinke aktørane på julekonserten i ei fullsett kyrkje.

Då underteikna var sterkt delaktig både som arrangør, og også som aktør, får det ta det med i vurderinga når de les dette, men eg opplevde konserten som særdeles vellukka. Både publikumsframmøte, innhaldet som dei mange flotte aktørane skapte og avviklinga av programmet, gledde meg verkeleg! (Mange fine bilete).

Alle gjorde ein framifrå innsats, og gjorde sitt til at konserten går over i historia som ein julekonsert som vi hugsar med stor glede tilbake på. Likevel må vi godt vaksne tola at det er innsatsen til den yngre garde og songaren Leif Inge Heimvik som festa seg aller best i minnet hos publikum. Både dei unge strykarane og skulemusikkarane imponerte! Skulemusikken er fast innslag på denne konserten, og dei viste både gjennom samspel og solistinnslag at dei har mange flinke musikarar sjølv om dei totalt er litt få. Veldig flott var det å høyra dei!

Dei unge violinistane var med på julekonserten for første gang. Dei yngste utgjorde eit åttemanns strykeorkester, og for underteikna er det ufattelag at så unge kunne spela så reint og fint på eit så krevjande instrument. Dei spelte **Deilig er den himmel blå** og **Sleigh Bell Polka**. Fantastisk! Flott var det også då Saima K. Døssland spela **Winter Wonderland** som solist saman med læraren sin, Olena Pasichnyk. Kven visste om alle desse flinke violinistane før konserten?

Innslaget til Leif Inge Heimvik vil også verta hugsa. Først framførte han Bjørn Eidsvåg sin nydelege **I En Natt** på ein glimrande måte før han framførte juleevangeliet like flott, og det utanboks. Han avslutta si avdeling med ei vakker tolkning av **En Stjerne Skinner I Natt**.

Dei andre aktørane hadde også flotte innslag som gjorde programmet komplett. I tur og orden fulgte Kvinnherad Trekkspelklubb, Røysterett for Alle, Kyrkjekoret Nordsang som hadde ein flott debut, Olena Pasichnyk, Uskedal musikklag og Eva Megyesi. Av desse er det grunn til å nemna Olena Pasichnyk og Eva Megyesi spesielt. Dei to hadde ein sentral finger med i spelet på mange innslag. Olena skal ha ein stor del av æra for alle dei flotte innsлага med strykarar. I henne har utvilsamt Kvinnherad kulturskule ein dyktig violinlærar. Eva Megyesi var som vanleg involvert i det meste. I kveld var ho involvert i halvparten av innsлага. Ho er litt av eit aktivum!!

At heile programmet var avvikla på nokre minutt over halvannan time er også eit pluss. Arrangørane har alt fått positive tilbakemeldingar på at dei hadde strama inn på lengda på innsлага. I overkant av 250 overvar konserten, og det er det meste på ganske mange år.

De finn over 30 flotte bilder frå konserten under [biletgalleri i venstre kolonne](#).

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Hans Ordin Østebø